



Helse Fonna HF
v/ Vidar Støyva, Enhetsleder Eiendom
Internservice Område
Postboks 2170
5504 Haugesund

Dato: 04.04.2014
Vår ref.: 2014/699-37
Saksbehandlar: krigilh
Dykkar ref.:

Førespurnad om sletting av tinglyste hefte på gnr 183 bnr 50 i Kvinnherad kommune

I 2012 kjøpte Dagny Helland ein tomt ved Søre Valevågen, Kvinnherad kommune frå Hordaland fylkeskommune. Tomta vart deretter frådelt gnr 183 bnr 1, og den nye parsellen vart oppretta som gnr 183 bnr 50.

Ved innføring av ein ny eigedom i grunnboka vert tinglyste pengehefte på hovudbruket automatisk overført til det nye matrikelnummeret.

Dette skjedde også her. På gnr 183 bnr 1, Handeland gard, er det tinglyst ein avtale om bruksrett til Dassturhytta i Handelandsdalen og ein avtale om leigerett til Ingeniørhytta, Speiderhytta, hytte i Olderbotn, Handelandshytta og Svartatjødn Brakke. Rettshavar er Helse Fonna HF.

Desse tinglyste rettane vart såleis overført frå gnr 183 bnr 1 til gnr 183 bnr 50.

- Vedlegg 1: Grunnboksutskrift for gnr 183 bnr 50
- Vedlegg 2: Kopi av tinglyst avtale om Dagsturhytta
- Vedlegg 3: Kopi av tinglyst leigekontrakt til 5 fritidsbustader

Då ingen av dei aktuelle hyttene ligg på gnr 183 bnr 50, ber vi om at dei to avtalane vert sletta for denne eigedomen. Slettinga vil kun gjelde for gnr 183 bnr 50, og ingen av dei andre eigedomane som avtalane er tinglyst på.

Vi ber derfor om at vedlagte erklæring om sletting vert signert og returnert til oss. Vi vil så sende erklæringa til Statens kartverk, Tinglysing.

- Vedlegg 4: Erklæring om sletting
- Vedlegg 5: Oversiktskart

Spørsmål i denne saka kan rettast til Kristoffer Gilhus på tlf 55239067 eller pr e-post kristoffer.gilhus@hfk.no.

Helge Haavardtun
eigedomssjef

Kristoffer Gilhus
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.